


# Brattvåg sokneråd

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Kyrkjeavdelinga  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo



Hildre/Brattvåg 15.092008

## Høringsuttale: *Styrket demokrati i Den norske kirke*

Brattvåg sokneråd har i møte 10.09.2008 drøfta innstillinga *Styrket demokrati i Den norske kirke*, og vil uttale følgjande:

1. Soknerådet mottok innstillinga i midten av juni, og høringsfristen var sett til 1.september. I denne perioden var det ikkje planlagt møte i Brattvåg sokneråd. Soknerådet er kritiske til at det blir gitt ein så kort høringsfrist, noko som vi synest er grunnleggande udemokratisk.
2. Dei valordningane vi har i dag med indirekte val av bispedømmeråd kan etter vårt syn ikkje karakteriserast som udemokratiske. Dette er tvert imot den vanlege valordninga i store, landsomfattande organisasjonar, inkludert dei politiske partia, der regionale og nasjonale organ er valde ved indirekte val.
3. Soknerådet er prinsipielt imot at val til kyrkjelege organ skal skje på same tid og på praktisk talt same stad som politiske val. Det representerer ei samanblanding av vår rolle som samfunnsborgarar og vår rolle som kyrkjemedlemmer, og vi trur at dette kan verke støytande, særleg på innvandrarar og andre som tilhører andre religionar og livssyn. Vi trur heller ikkje at det blir lett å nå gjennom med informasjon om kyrkjelege val midt i valkampen.
4. Soknerådet er einig i målsettinga om større valdeltaking ved soknerådsvala, men vi synest ikkje det er eit rimeleg forhold mellom den økonomiske kostnaden og det ein kan oppnå her. Etter vårt syn er det minst like viktig at det statlege kyrkjestyret faktisk lyttar til og tek omsyn til det som sokneråda meiner f eks ved utnemning av biskopar. Så lenge det statlege kyrkjestyret neglisjerer sokneråda, kan ein ikkje vente at det skal bli attraktivt å sitje i sokneråd for å påverke kyrkjestyret.

Med helsing  
for Brattvåg sokneråd

Peter Odd Bjørkhaug

Leiar